

Joka Kraft AS

6896 FRESVIK

Vår dato: 08.07.2020

Vår ref.: 201903444-5

Arkiv: 311

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Vegard Rønning Dahlen

22959396/verd@nve.no

Joka Kraft AS, Vik kommune i Vestland - tiltaket er vurdert ikkje konsesjonspliktig

Vi syner til melding av 27.03.2019 om planar for bygging av nytt aggregat i Joka kraftverk. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Orientering om tiltaket

Joka kraftverk nyttar vatn frå Fresvikelva. Det er planar om å installere eit nytt aggregat med effekt på 150 kW. Installasjonen vil ikkje føre til endringar i eksisterande inntak og røyrgate. Med installasjonen vil kraftverket si totale slukeevne auke frå 3 m³/s til 3,25 m³/s. Noverande installasjonar har dårleg virkningsgrad ved drift på låg vassføring, og må stoppast i kalde periodar og ved låg vassføring gjennom vintersesongen. Eit mindre aggregat vil kunne være mogleg å køyre større deler av året. Antatt auke i årsproduksjon er ca. 0,6 GWh.

Joka kraftverk - hovuddata		
TILSIG		
Nedbørfelt	km ²	46
Middelvassføring	m ³ /s	2,8
Alminneleg lågvassføring	l/s	140
Planlagt minstevassføring	l/s	140

Høyring

Meldinga er sendt Vik kommune, Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland på høyring. NVE har motteke følgjande uttalar:

Vik kommune kom med følgjande fråsegn i brev av 26.08.2019:

« ...

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vi kan ikkje sjå at tiltaket fører til endringar i eksisterande situasjon i området og vi kan derfor ikkje sjå at allmenne interesser vert råka. Med mindre tiltaket påverkar eksisterande vassføring i elva har Vik kommune ingen merknader».

Fylkesmannen i Vestland kom med følgjande fråsegn i brev av 03.09.2019:

«...

Endringa vil innebere at slukeevna for kraftverket aukar frå 3,0 m³/s til 3,25 m³/s, og dermed vil det bli noko redusert vassføring i elva i periodar med overløp i dag. Vassutnyttinga vil bli 116 prosent av middelvassføringa (oppgitt til 2,8 m³/s i vedlegget om hydrologi).

Vi kjenner ikkje til raudlistearter eller viktig naturmiljø som kan verte påverka av noko ytterlegare redusert vassføring på den utbygde strekninga. Delar av strekninga er godt eksponert frå vegen opp dalen, som er innfallsport til eit stort regionalt friluftsområde og Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Fresvikelvi er prega av eit forbygt og dels kanalisert elveløp, og på store strekningar manglar det kantvegetasjon. Dette gjeld også den delen av den utbygde strekninga som er eksponert frå vegen. Ytterlegare litt redusert vassføring vil gi ein tilleggseffekt til den eksisterande negative påverknaden. Sidan vassføringa er påverka av bresmelting vil det vere vanleg med overløp i kraftverket i den viktigaste tursesongen, og endringa vil truleg ikkje få særleg effekt på landskapsopplevinga.

Vi konstaterer at endringa vil gi eit auka årleg energiutbytte på 0,6 GWh, og at den nye slukeevna også er låg samanlikna med vanleg nivå for nyare kraftverkskonsesjonar».

NVE si vurdering

Joka kraftverk er i vedtak av 12.02.2001 vurdert å være konsesjonsfritt med ei slukeevne på 3 m³/s og slepp av minstevassføring på 140 l/s. Grunngevinga var at kraftverket ikkje var til nemneverdig ulempe for nokon allmenne interesser og at det er høg vassføring i deler av sommarhalvåret på grunn av snø og breavsmelting.

Dagens kraftverk har låg virkningsgrad og stoppar drifta ved låg vassføring. Installasjonen av nytt aggregat vil derfor medføre eit større vassuttak store deler av året og det vil være ei lågare vassføring nedstrøms inntaket. Det er ikkje planlagt nokon endringar i slepp av minstevassføring og det vil framleis sleppast vatn tilsvarande alminneleg lågvassføring på 140 l/s.

I vurderinga av tiltaket sin innverknad på allmenne interesser er det gjort søk i relevante databasar, som Artskart, Naturbase og Askeladden den 18.06.2020. NVE meiner kravet til kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfaldlova § 8 er oppfylt med informasjon frå søkar, søk i databasar og informasjon frå høyringsrunden. Det har ikkje komme fram informasjon om at tiltaket kan medføre nemneverdige ulemper for allmenne interesser i vassdraget i høyringsrunda. Det er ikkje registrert nokon artar av spesiell interesse som er venta å bli påverka av uttaket. Vi vurderer det derfor som lite sannsynleg at interassar knytt til biologisk mangfald vil bli nemneverdig påverka av tiltaket. Tiltaket vil ikkje medføre inngrep utanfor eksisterande kraftstasjon og vil dermed ikkje påverke eller føre til noko inngrep i landskapet. Sommartid er det bra med vassføring i elva og sidan vassføringa er påverka av bresmelting vil det vere vanleg med overløp i kraftverket i den viktigaste tursesongen, og endringa vil truleg ikkje få særleg verknad på landskapsopplevinga.

NVE sitt vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Vedtaket legg til grunn at tiltaket vert gjennomført i samsvar med planane som er lagt fram. Dersom planane vert endra, bør tiltaket vurderast på nytt. Iverksetting av konsesjonspliktig tiltak utan naudsynt konsesjon er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi gjer merksam på at sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld regelen i vassressurslova § 5 om aktsemd og vassressurslova § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg.

Dette vedtaket er gyldig i fem år. NVE anbefalar at saka vert lagt fram for NVE for ny vurdering dersom det er ønskje om å realisere tiltaket etter dette tidsrommet.

Med kraftverket i drift skal det til ein kvar tid sleppast forbi inntaket ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring oppgjeven til **140 l/s**. Dersom tilsiget er mindre enn fastsett minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Det er ein føresetnad for vedtaket at der skal etablerast eit arrangement for minstevassføring.

Vidare sakshandsaming

NVE sin konklusjon bygger på dei opplysningane som er gjevne i meldinga av 27.03.2019. Ved endringar i planane bør ein sende ny melding, slik at NVE kan vurdere konsesjonsplikta på nytt. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med planar godkjent av NVE, inkludert planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat, jf. forskrift om el-sertifikat § 9, 2. ledd, bokstav a.

Vi understrekar at dette vedtaket ikkje gjev løyve til bygging. Tiltakshavar må sjølv ta kontakt med kommunen for nødvendige avklaringar og for å få dei nødvendige løyva.

Vidare gjer vi merksam på at tiltakshavar sjølv må avklare tilhøva til dei private interessene som tiltaket eventuelt kan gje følgjer for. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva.

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå. Det er tiltakshavar sitt eige ansvar å sørge for nødvendige avklaringar. Vi anbefalar at det vert teke kontakt med lokal områdekonsesjonær for slik avklaring.

Har kraftverket ei merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer vi merksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på www.toll.no. Rundskrivet kan du også få på næraste tollstad.

Igangsetting av kraftverk skal meldast inn på skjema som finnast på <https://www.altinn.no/> (*Melding om idriftsettelse nye vannkraftverk eller opprustings- og utvidelsestiltak i eksisterende kraftverk, NVE-0018*).

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Det kan vere utfordringar knytt til koronaviruset. Dersom det ikkje er mogleg å sende ein klage innan tre veker, må de sende ein grunngjeven søknad om utsett klagefrist til nve@nve.no. De kan også finne informasjon om fristar i samband med koronaepidemien på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.



Med helsing

Rune Flatby
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Vik kommune

Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: - Skrive kva for vedtak du klagar på. - Skrive kva for eit resultat du ønsker. - Opplyse om du klagar innanfor fristen. - Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltningsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.